



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

Referat frå møte i Kviteseid Sokneråd onsdag 28. februar 2018 kl. 18.00

På kommunehuset i sal 'Brunkeberg og Fjågesund'

Innkalla og møtte:

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar: Magnhild Vaagen Kvalbein, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Hans Kristian Aabø, Hanne Roholdt, Vidar Syrtveit Mikalsen, Gunn Karin Eikåsen og Sokneprest Møyfrid Lunde.

Kommunens representant Tore Åsland (tiltredde soknerådet i fellelrådsaker)

1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn

Kyrkjevevjerje Kristen Salmelid

Ord for dagen ved Møyfrid Lunde.

Enkel servering ved Vidar Syrtveit Mikalsen

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreassen og prost Asgeir Sæle)

Sak 16/18	Innkalling og saksliste	HB
	<p>Forslag til vedtak: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p>VEDTAK: Innkallinga og sakslista vart godkjend og møtet lovlig sett.</p>	
Sak 17/18	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 23.01.2018	HB
	<p>Forslag til vedtak: Referatet frå møtet 23.01.2018, sendt ut på mail 25.01.2018, vart godkjend utan merknader.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>	
Sak 18/18	Post og meldingar	MG, HB, ML, KS
	<p>1. <u>Marit Gotuholt</u> orientera om føreståande arrangement:</p> <p>a. 30.3.: NY Gratis konsert langfredag i Kviteseid kyrkje ved 'Quartet on the corner', musikarar frå Telemark kammerorkester saman med Prost Asgeir som les tekster frå bibelen om Jesu 7 ord på krossen.</p>	

- b. 22.4.Konsert i Kviteseid kyrkje ved Olav Mosdøl og Seljord songlag (*1.mars fekk vi melding am at konserten vert utsett til hausten 2018*)
 - c. 1.juli. Operagutta
 - d. 2.11.: Gratis allehelgensdag-konsert i Kviteseid kyrkje ved Jan Haugen med fleire.
 - e. Veke 49: Trine Rein og Eli Kristin Hanssveen i Kviteseid kyrkje? Vi vart for seine til å få dette i 2018.
2. Håkon Birkeland frå fellesmøtekomiteen.
 - a. Fellesmøter 9.-11- mars. Stad: Fredheim. Kyrkjans ansvar: Møtevertar og kollektørar *fredag kl.19.00: Vidar og Marit, laurdag 17.00: Magnhild og Kristen, søndag kl.17.00: Hanne og Kristen*. Oppgåva inkluderer trakte kaffi, servering av kjeks og drikke etter møtet.
 - b. Felles sangmøte i september: endring. Den førespurde kjem ikkje før i 2019. Kva nå i 2018?
 3. Møyfrid Lunde rapporterer frå komité for Godheitsveka 2018 (3.-10.5.) *Verving av medarbeidarar har starta. Stand i Kviteseid ved Kiwi laurdag 28.4. for å få inn oppdrag. Telefonnr. for påmelding annonserast seinare.*
 4. Arbeida med vindauge-glasa går framover. *Dei er no ferdig produsert i Kongsberg, men ventar på mildvær for montering.* Verneglasa må vente til dette er ferdig.
 5. Ny pult for lydмикser og anna teknisk utstyr er på plass bakarst i Kviteseid kyrkje. Biskopen har gitt sin godkjenning med nokre anbefalingar vi 'bør' følgje. Men dette har vi ikkje fylgt fordi vi meiner det er best slik det er nå og vil sjå det an. Staben i kyrkja har samstundes ommøblert litt bak i kyrkja, og mellom anna satt ned ein 3 meter lang benk som stod i trapperommet utanfor galleriet. Samla er det blitt meir tenleg for styring av det tekniske, servering av kyrkjekaffi og mat til konfirmantar, og vi har fått 5-6 ekstra sitjeplassar. Alt kan endrast om det ikkje vert tenleg.
 6. Notodden og Kviteseid er av bispedømmerådet blitt vald ut som 'pilotmenigheter i prosjekt økte gaveinntekter'. Bispedømmet har tilsett ein prosjektleiari, og arbeidet hos oss tar til straks SR i Kviteseid har gitt sin tilslutning. Det vil krevje ekstra arbeid her lokalt, men med god vegleiing og hjelp av konsulenten og styringsgruppa til prosjektet. Under møtet: *Soknerådet er litt skeptiske av di dei ikkje veit kva det inneber av meirarbeid for oss. SR ynskjer å sjå prosjekt-beskriving før dei tar ei endelig avgjerd.*
 7. Referat frå kyrkjelydsutval i Kviteseid 8.2.18 til orientering
 8. Det arbeidast med å få godkjenning hjå NAV av Kviteseid sokn som ein IA-bedrift.
 9. Rekneskapsrapport for januar 2018 er ikkje lagd fram fordi rekneskapsførar har brukt all si tid på årsavslutninga for 2017.
 10. Opne kyrkjer, oppfølging: Kyrkjevevja har registrert kva kyrkjelydsutvala i Kviteseid og tidlegare i Brunkeberg har uttala. Han vonar å kunne komme tilbake med meir informasjon eller sak til vedtak til eit møte i SR seinare i vår. *Det vart samstundes opplyst at fleire andre sokneråd og fellesråd i Øvre Telemark prosti, har lagt saka om opne kyrkjer 'på is'.*
 11. *I arbeidet med Brannperm, vert det nå utarbeida 'Bergingsliste' til brannvesenet for kvar av kyrkjene. Eksempel på liste vart syna. Sak om dette kjem opp på eit seinare møte, for at soknerådet skal være med å*

	<p><i>lage prioriteringa. Samstundes vert det samla gamle Biblar og andre skrifter frå kyrkjene, og saman med gammalt sylv som er lagra i kvelv i banken, sett inn i kvelv på kommunehuset. Det er ynskeleg at noko av dette frå tid til annan kan synast i utstillingar.</i></p> <p><i>12. Rekneskap for Fellesmøtene og Godhetsveka vert førd privat av friviljug, men bankkontoane er knytt til Kviteseid sokn sitt organisasjonsnummer. Revisor har godteke at dei to rekneskapa for 2017 ikkje førast i soknet sitt samla rekneskap under føresetnad av at bankkontoane snarast takast bort frå kyrkja sitt org.nr. Det arbeidast difor med registrering av Fellesmøtene og Godhetsveka i Kviteseid som ein eigen foreining i Brønnøysundregisteret, eller at bankkontoane vert knytta til ein av dei andre partane sitt org.nr.</i></p>	
<p>Sak 19/18 FR</p>	<p>Rekneskapet for 2017</p>	<p>KS</p>
	<p><i>Driftsrekneskapet for 2017</i> er avslutta med kr 114.618,68 i overforbruk (=underskot). Dette er dekt inn ved å redusera mindreforbruket (overskotet) frå 2016 som var kr 194.383,54, og som elles skulle vore avsett til disposisjonsfond. Frå 2016 står da att kr 79.764,86 som overførast til disposisjonsfond slik at rekneskapet for 2017 balanserar. Tala er vel å merke før revisjon og eventuelle korrigeringar.</p> <p>Meirforbruket skuldast mellom anna</p> <ul style="list-style-type: none"> • om lag kr 130.000 i utgifter til reperasjon av golvet i kyrkjestova i Brunkeberg, noko som ikkje var budsjettert med, og • om lag 70.000 i meirutgifter til opprydding på kyrkjegardar. • Vedtaket om å overføre kr 58.687,50 frå bunde investeringsfond til delvis dekning av reperasjon av golv i Brunkeberg kyrkje-kjellar, kunne ikkje gjennomførast grunna feil ordlyd og for konkret vedtak i soknerådet. Ein overføring ville halvert overforbruket. Beløpet takast med i vedtaket nå for 2018. <p>Detaljert avdelingsvist rekneskap syner at</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <i>110 Kyrkjeleg administrasjon</i> hadde kr 75.000 i overskot mot budsjettert 48.000 i underskot 2. <i>111 Kyrkjer</i> hadde kr 88.000 i større underskot enn det budsjetterte kr 167.000 i underskot 3. <i>112 Kyrkjegardar</i> hadde eit overskot på kr 37.000, men det var likevel kr 150.000 mindre overskot enn budsjettert. 4. <i>113 Andre kyrkjelege formål</i> enda med berre kr 63,- avvik frå det budsjetterte. <p><i>Investeringsrekneskapet for 2017</i> syner at alle midlane i budsjettet ikkje er brukt opp. Det skuldast at to av prosjekta ikkje vart fullført i 2017. Restbeløpa samla utgjer kr 164.704 og overførast til 2018 for dekning av resterande arbeid. Det vart då av same grunn heller ikkje gjort overføringar av de budsjetterte kr. 82.000 frå disposisjonsfondet (for prosjekta og KLP).</p> <p><i>Balansen</i> syner at sum egedelar (anleggsmidlar + omløpsmidlar) har auka med nær kr 300.000 til kr 8,46 mill. Det balanserar med eigenkapital og gjeld. Endringane i eigenkapitalen består av meirforbruket som er overført til</p>	

	<p>disposisjonsfondet (kr 79.765), uttak av bunde fond (kr 70.000), og det som ikkje vart disponert i investeringsrekneskapet (kr 164.704).</p> <p>Årsrekneskapet som er sendt ut med møteinnkallinga er underteikna av leiar av soknerådet, kyrkjevevja og økonomileiar i kommunen, og er i den forma det er sendt til revisor. Revisor har òg fått med all dokumentasjon.</p> <p>Ferdig revidert rekneskap leggjast fram på møtet viss det er ferdig til da. Elles må AU godkjenne det når det ligg føre.</p> <p><i>Vedlegg: Rekneskap 2017 med noter.</i></p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet godkjenner det framlagde årsrekneskapet med noter for 2017. Meirforbruket på driftsbudsjettet på kr 114.618,68 er dekkja inn ved bruk av disposisjonsfondet slik at det totale driftsrekneskapet balanserar. Kr 164.704 av investeringsbudsjettet som ikkje vart disponert, avsetjast til bunde investeringsfond. Til bruk av bunde investeringsfond settast kr 164.704 og kr 58.657,50.</p> <p>VEDTAK: Under føresetnad av at det ikkje vert endringar under revisjon, godkjenner soknerådet det framlagde årsrekneskapet med noter for 2017. Driftsrekneskapen viste i utgangspunktet eit meirforbruk på kr 114.618,68. Dette er dekkja inn ved å redusere vedtatt avsetning til disposisjonsfond av resultatet frå 2016 frå kr. 194.383,54 til kr 79.764,86. (Det er då følgd lovpålagt strykningsregel) Kr 164.704 av investeringsbudsjettet som ikkje vart disponert, avsetjast til bunde investeringsfond. Bruk av bunde investeringsfond tas opp ved revisjon av investeringsbudsjettet seinare i 2018.</p>	
<p>Sak 20/18 FR</p>	<p>Årsmelding for 2017</p>	<p>HB</p>
	<p>Kyrkjevevja har saman med medarbeidarar skreve forslag til årsmelding for Kviteseid sokn. Forslaget var òg handsama på stabsmøte 6. februar.</p> <p><i>Vedlegg: Årsmelding 2017</i></p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet vedtek årsmeldinga for 2017 og legg den fram for årsmøtet i kyrkjelyden i mars.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet vedtek den framlagde årsmeldinga for 2017 etter små korrigeringar. Den leggjast fram for årsmøtet i kyrkjelyden 4. mars av Hans Kristian Aabø, i leiar og nestleiar sine fråvær.</p>	
<p>Sak 21/18 FR</p>	<p>Rutinar for varslingsaker</p>	<p>HB</p>
	<p>Arbeidsmiljølova §2.a.1 seier at arbeidstakar har rett til å varsle om kritikkverdige høve i verksemda.</p> <p>Det er arbeidsgjevar sitt ansvar å utarbeide skriftlege rutinar for varsling. Det er lovpålagt i verksemda med minst 5 tilsette.</p>	

	<p>Rutinane skal innehalde oppmoding til å seie i frå, framgangsmåte for varslinga, mottaket, handsaming og oppfylginga.</p> <p>Vedlagt ligg forslag til rutinar for varsling. Det er handsama av tilsette.</p> <p>Rutinane skal vera tilgjengelege for tilsette, rådsmedlemmar og friviljuge, og eventuelle varslingar skal registrarast på avviksskjema.</p> <p><i>Vedlegg: Rutinar for varsling, Avviksskjema</i></p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet vedtek dei framlagde rutinane for varsling i Kviteseid sokn.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet vedtek etter ei lita tilføyning dei framlagde rutinane for varsling i Kviteseid sokn .</p>	
<p>Sak 22/18 FR</p>	<p>Kyrkjegardsvedtekter</p>	<p>HB</p>
	<p>Det er mange år sidan sist vedtektene for kyrkjegardane i Kviteseid blir revidert. Bispedømmerådet finn ingen godkjende vedtekter.</p> <p>Det er difor laga til nye vedtekter med utgangspunkt i gjeldande lovverk og det at Kviteseid no er eit sokn.</p> <p>Vedtektene må godkjennast av bispedømmerådet.</p> <p>Eit utdrag av vedtektene må gjerast kjent med oppslag på kvar kyrkjegard.</p> <p><i>Vedlegg: Kyrkjegardsvedtekter</i></p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet vedtek dei framlagde vedtektene for kyrkjegardane i Kviteseid og ber om godkjenning frå bispedømmerådet.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet vedtek dei framlagde vedtektene for kyrkjegardane i Kviteseid med ei tilføyning under møtet, og ber om godkjenning frå bispedømmerådet.</p>	
<p>Sak 23/18 FR</p>	<p>Roholt gamle kyrkjestad, nedlegging av kyrkjegarden</p>	<p>HB</p>
	<p>Roholt gamle kyrkjestad er kulturhistorisk ein veldig interessant plass. Det var der Roholt kyrkje stod frå 1685 til 1887, Noregs fyrste 8-kanta kyrkje. I 1887 vart mykje av inventaret flytta til ny-kyrkja på Sanden og mange materialar vart spreia rundt på gardane i Vrådal. Kyrkja på Roholt var truleg bygd på same grunnen som ein eldre stavkyrkje. Den er fyrste gong omtala i 1395. I dag kan ein sjå tuftene av den 8-kanta Roholt kyrkje omkransa av gamle graver.</p> <p>Heile området inkludert 5 meter utanfor kyrkjegardsmurane, er automatisk totalfreda ved lov (Kulturminnelova kpt.II, §4) fordi det er kulturminner eldre enn frå 1537.</p> <p>Sjå mellom anna https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Roholt_kyrkje . Der finn du òg linkar til andre nettstader om plassen.</p> <p>Kyrkjegarden er ikkje i bruk og har heller ikkje vore det på over 100 år. Ansvar for området burde for mange år sidan vore overført frå kyrkja til nokon andre som betre kan taka vare på staden. Lova er klar: Så lenge</p>	

kyrkjegarden ikkje er nedlagd, skal den takast vare på som alle andre kyrkjegardar, her i Kviteseid av soknerådet. Det har like vel råd uvisse om kven som er ansvarleg for vedlikehald av kyrkjegarden. Det er ikkje kvart år nokon frå kyrkja har gjort noko. Birger Skipar har i fleire år gjort ein innsats årleg.

I arkivert på kyrkjekontoret finn vi at saka har vore oppe til politisk handsaming rundt 1993/94 med spørsmål frå grunneigar, og korrespondanse med Stiftsdireksjonen (nå Bispedømmerrådet) og Riksantikvaren.

Vedlegg til saka då var mellom anna:

- Brev frå Kirkegårds konsulent i departementet av 15.09.1993
- Frå Agder Stiftsdireksjon datert 13.12.1993,
- frå Riksantikvaren datert 24.02.94

Dei presiserer mellom anna at det er kommunen sitt ansvar (delegert til kyrkja) å vedlikehalde kyrkjegardar som er i bruk. Etter nedlegging går ansvaret over til grunneigar.

Bispedømmerrådet i dag kjenner ikkje til at det er gjort formelle vedtak om nedlegging av kyrkjegarden.

Grunneigaren Tor Jakob Sandvik kjenner heller ikkje til at saka har vore oppe etter 90-åra. Han er informert om at denne saka handsamast no, og er innforstått med at han etter nedlegging overtek ansvaret for staden.

Bispedømmerrådet har mandat til å «samtykke i anlegg, utviding og nedlegging av kyrkjegardar», men det er berre soknerådet som kan gjere vedtak om nedlegging.

Kyrkjegårdskonsulent forklarar i brev frå 1993 at «Nedlegging (av kyrkjegard) skjer ved vedtak i sokneråd / fellesråd og kommunestyre etter fråsegn frå helserådet og soknemøte. Stiftsdireksjonen skal godkjenne vedtaket»

Kyrkjegårdskonsulent i dag (Rådgjevar i Gravplassforeningen, Åse Skrøvset) presiserer at det er soknerådet som gjer vedtak om nedlegging, og at bispedømmerrådet må godkjenne vedtaket.

I dette tilfellet, når det er så lenge sidan kyrkjegarden har vore i bruk (meir enn 40 år), er det truleg ikkje naudsynt med nokon tilslutning frå kommunen av helsemessige årsaker, men det er viktig at soknerådet gjer god informasjon om nedlegginga og kven som då er ansvarleg for staden vidare.

Så lenge kyrkjegarden ikkje er nedlagt, skal den stellast som ein kyrkjegard.

Det vert ikkje gjort i dag, og har ikkje vore gjort på fleire tiår.

Soknerådet har heller ingen økonomi til å starta med det nå.

Det er lite meining i at kyrkja i dag skal vere ansvarleg for vedlikehald av denne historiske staden all den tid det er over 100 år sidan det sist var gravlagd nokon der.

Vedlegg: Roholdt kyrkje-dokument

Forslag til vedtak:

Soknerådet vedtek å leggja ned kyrkjegarden på Roholdt og ber bispedømmerrådet om stadfesting av vedtaket. Kyrkjevevja gjev i brev til kommunen og til grunneigaren Tor Jakob Sandvik god informasjon om nedlegginga av kyrkjegarden, og ansvaret vidare.

Handsaming under møtet:

Soknerådet registrerer at denne saka har engasjerte folk i Kviteseid, og då særleg i Vrådal. Hanne Roholdt refererte til jubileumsskriftet for 'Vrådal kyrkje 100 år' og skriftet 'Vrådals gamle kyrkje ved Roholt' og fortalte mellom anna dette om historia og eigarforholdet til den kyrkja: Danskekongen hadde ved reformasjonen i 1536 lagt under seg alle kyrkjer og kyrkjegods. For å skaffe pengar til statskassa, selde han kyrkjene i Kviteseid prestegjeld på auksjon til enka 'Karen, salig Kristen Thommesene' frå Arendal for 1.115 riksdaler i 1724. To år seinare kjøpte 16 bønder i Vrådal kyrkja der for 110 riksdaler, og det vart laga eit detaljert skøyte. Skøytet er ikkje tinglyst. Hanne Roholdt meiner skøytet syner at Sandvik ikkje er eigar av grunnen, men berre nabo og grunneigar rundt.

Vrådøler er interessert i å taka vare på historia og gjere dugnad på kyrkjestaden for å halde den ved like. Det er ynskjeleg at staden òg vidare kan brukast i kyrkjeleg samanheng. Til dømes kan Olsokmessa 29.juli som skal vere i Vrådal, haldast der på plassen. (I 1986 var det planlagt ei barnedåp der, jubileum var markert på staden i 1987 og det var gudsteneste der på Kristi himmelfartsdag i 2003. Skulen på Straumsnes har bruka staden i undervisninga i mange år, og historielaget hadde ei samling der i 2016.)

Kviteseid historielag sende skrifteleg ei uttale til saka etter sitt årsmøte 27.februar, og rådde på det sterkaste frå at kyrkjegarden vert nedlagd, og skreiv at '*Kviteseid historielag tek gjerne del i arbeidet med å halda kyrkjegarden i stand*'. I samtale mellom Johannes Skarprud (leiar av historielaget) og kyrkjevevja etter denne uttala, vart det sagt at det vil vere viktig med god orientering, særleg til Vrådølar, om kva ei eventuell nedlegging av kyrkjegarden vil bety. Nokre trur at ein nedlegging av kyrkjegarden betyr at staden kan slettast og nærast viskast ut frå historia.

Det er viktig å vere klar over at staden grunna si alder (frå mellomalderen) er totalt freda og verna ved lov (Kulturminnelova §4). Difor kan verken stein eller jord, inkludert 5 meter utanfor steingardane, gjerast noko med eller endrast på nokon måte utan samtykke frå Riksantikvaren..

Med god dugnad-støtte frå engasjerte folk ser soknerådet at det ikkje vil vere nokon økonomiske konsekvensar for rådet å halda fram som i dag. Det er viktig og ynskjeleg at staden blir halden ved like.

Dei juridiske eigarforholda bør sjåast nærare på og fastsetjast. Matrikkelen seier at det er Tor Jakob Sandvik som er eigar av grunnen, men det kan vere feil. Så lenge kyrkjegarden ikkje er nedlagd, ligg ansvaret på kommunen, delegert til kyrkja.

Soknerådet ser at det kan vere viktig å arrangere eit møte om kyrkjestaden for interesserte. Dit kan om mogleg fagfolk inviterast frå til dømes Riksantikvaren, Kulturminneavdelinga i Telemark fylkeskommune og kyrkjegardskonsulent i Bispedømmerådet, saman med Kviteseid historielag og andre spesielt interesserte personar frå lokalsamfunnet.

Soknerådet ynskjer eit forpliktande engasjement for vedlikehald på dugnad og føreslår at kyrkjelydsutvalet i Vrådal årleg fylgjer opp vedlikehaldet. Kan ein få til noko slikt meiner soknerådet at kyrkja framleis kan stå som eigarar av staden

	<p>og at nokon nedlegging av kyrkjegarden ikkje er aktuelt. Soknerådet ynskjer å verta halden orientert om saka, og særleg utfallet av møte om staden.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet ynskjer i dag ikkje å gjere eit vedtak om nedlegging av Vrådal gamle kyrkjegard. Rådet vil kalla saman til eit ope møte om staden, vår eller sommar 2018. Til møtet ynskjer rådet å invitere relevante fagfolk og spesielt interesserte og kunnige personar frå lokalsamfunnet til å fortelja om soga og kva det inneber å taka vare på eit slikt historisk fornminne. Soknerådet ynskjer ei forplikting frå interesserte personar eller lag om at dei vil vere med å halde staden ved like på dugnad. Soknerådet ber kyrkjelydsutvalet i Vrådal fylgje opp vedlikehaldet. Eigiarforholdet til staden må avklarast juridisk. Soknerådet haldast fortløpande orientert.</p>	
Sak 24/18 FR	Dugnad på kyrkjegardane	HB
	<p>Datoar for opprydding på kyrkjegardane våren 2018 setjast opp. Kyrkjegardsarbeidarane syter for klargjering av mellom anna tome sekkar og plass til avfall i bingane. Kyrkjelydsutvalet i Kviteseid har foreslått opprydding <u>før</u> 1. mai, men det har i fleire år vore <u>etter</u> 1. mai, men før 17. mai. I år fell desse dugnadane delvis saman med Godhetsveka som er 3.-10.mai.</p> <p>Forslag til vedtak: Kyrkjevevja annonserer i VTB og FB, og kyrkjegardsarbeiderane førebur for dugnad på alle kyrkjegardane:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kviteseid, Vrådal og Fjågesund: onsdag 2. mai • Kviteseid gamle: torsdag 3. mai • Brunkeberg: onsdag 9. mai. <p>VEDTAK: Kyrkjevevja annonserer i VTB og FB og oppmodar også yngre folk til å vera med. Særleg i Kviteseid trengs fleire.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kviteseid, Vrådal og Fjågesund: onsdag 2. mai • Kviteseid gamle og Kilen: torsdag 3. mai • Brunkeberg: onsdag 9. mai. 	
Sak 26/18 SR	Konfirmantfest 6. mai	ML
	<p>Det er tradisjon for å ha ein fest for konfirmantane og føresette same dag som det er samtalegudsteneste. I år vert dette søndag 6. mai i Kviteseid med fest på Misjonshuset . Dette er midt i godheitsveka. Det må setjast ned ein komité for dette. Misjonshuset er bestilt. Program?</p> <p>Festen er på Misjonshuset etter gudstenesta.</p> <p>VEDTAK: Hans Kristian Aabø, Marit Gotuholt og Inger Lise Berge utgjer ein praktisk komité og syter for pynting og mat. Soknepresten er ansvarleg for programmet på festen.</p>	

Sak 27/18 SR	Kveldsmesser i gamlekyrkja i juli.	ML
	<p>I mange år har det vore kveldsandaktar i Kviteseid gamle kyrkje onsdagar i juli. Kyrkjelydsutvalet i Kviteseid har hatt med kyrkjekaffi. Juli er samstundes ferietid for mellom anna prest og organist. Kva er moglegheitene for å halda fram med dette?</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet ynskjer at kveldsandaktane held fram med kyrkjekaffi, og at soknepresten tek ansvaret med å finna folk, eventuelt i samråd med prosten grunna ferietid.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet ynskjer at kveldsandaktane held fram. Kyrkjelydsutvalet i Kviteseid vil ordne med kaffi. Soknepresten har ansvaret for å finna folk til å halda andaktane, eventuelt i samråd med prosten grunna ferietid.</p>	
Sak 28/18 SR	Diakoniutvalet for heile soknet	ML
	<p>Diakoniutvalet i Kviteseid er det ikkje gjort noko med etter samanslåinga til eit sokn. Samstundes er det personar i både Brunkeberg, Vrådal og Fjågesund som gjer diakonale oppgåver som å vitja jubilarar. Fleire har sikkert tenkt som soknepresten og kyrkjevevja at det utvalet vi har i dag har vore for heile soknet. (jf. punkt om Diakoni i årsmeldinga). Kan det gamle diakoniutvalet for Kviteseid styrkast med personar frå andre stader og etablerast som Kviteseid sokn sitt diakoniutval? Nokon i eller utanfor soknerådet som kan utfordrast til å vera med?</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet takkar diakoniutvalet i Kviteseid for stor innsats og mykje godt arbeid nedlagt i mange år. Soknerådet vonar dei same kan halde fram med tenesta, og ynskjer å oppmode fleire til å vera med.</p> <p>Handsaming under møtet: I Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund/Kilen finnes uformelle diakoniutval som mellom anna besøker eldre jubilarar og overrekker blome. Det vart òg nemnt at soknerådet har vedtatt ei diakoniplan. (Tilførd etter møtet: Diakoniplanen som vart vedteken 1. mars 2017 i sak 17/17 gjeld Kviteseid kyrkjelyd. Sjå vedtaket her: http://kviteseid.sokn.no/filer/Referat_SOKNER%C3%85D_2017.03.01.pdf. Diakoniplanen ligg òg på nettsida til Kviteseid sokn under <u>Soknerådet og Diakoni</u>: . I handsaminga av saka i 2017 vart oppgåvefordelinga mellom diakoniutvalet og dei forskjellige kyrkjelydsutvala presisert:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Utdeling av blomar til jubilarar:</i> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Vrådal:</i> Kyrkjelydsutvalet ved Hanne Roholdt tek seg av utdeling av blomar. ○ <i>Fjågesund og Kilen:</i> Dei har hatt tradisjon for å dela ut blomar til alle frå 75 år og eldre til jul kvart år. Det vil kyrkjelydsutvalet der halda fram med. ○ <i>Brunkeberg:</i> har ikkje hatt rutinar på dette dei siste åra, men tar det opp att nå. (Kyrkjelydsutvalet ved Reidun Øvrebø Fisketjønn) 	

	<p>○ <i>Kviteseid tek over dei som kjem på KOS og dei som har flytta til sentrum. Dei får lister over jubilentane frå kyrkjekontoret og distribuerer til dei andre.)</i></p> <p>VEDTAK: Soknerådet takkar diakoniutvalet i Kviteseid for stor innsats og mykje godt arbeid nedlagt i mange år. Soknerådet vonar dei kan halde fram med den tenesta. Det er ynskjeleg at prostidiakon Eilev Erikstein når han har diakonisamlingar i Kviteseid sokn, òg inviterer dei som gjer diakonale oppgåver i Vrådalen, Brunkeberg og Fjågesund/ Kilen.</p>
Sak 29/18	Eventuelt
	<p>Sak meldt i starten av møtet: Hanne Roholdt informerte om at inventar og materialar frå Vrådalen gamle kyrkje på Roholdt i stor grad vart nytta i den nye kyrkja (1887). Resten vart spreia rundt på gardane i Vrådalen. Dette samlast no av interesserte på eit rom på låven på Straumsnes oppvekstsenter. Noko av dette som vart flytta til kyrkja, er framleis ikkje i bruk, mellom anna eit altarbord. Kyrkjeverja nemnde då at bordet nyleg er registrert i kyrkja. Der det står i trappeoppgangen tek det stor plass, vert ikkje nytta eller godt teken vare på. Det er fint viss det og kanskje andre tilsvarende ting vert med i samlinga på Straumsnes. Soknerådet hadde ingen motførestillingar til dette. Kyrkjelydsutvalet i Vrådalen vert kontakta om saka.</p>

Neste ordinære møte i soknerådet vert etter vedtak (69/17): 25. april, 13. juni, 22.aug., 3. okt. og 21. nov.

PS: Det finnes ikkje nokon sak 25, verken i innkalling eller referat. Feil ved kyrkjeverja.